

Referat fra styringsgruppa for planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft 10.02.2015

Tilstade: Mona Røsvik Strømme (leder), Tale Berntsen, Roger Pilskog, Leif Vambheim, Oddrun Samdal, Kari Anne Landro, Roald Stenseide, Marit Rødseth, Agnete Wiborg (referent)

Dagsorden:

- 1) Bakgrunn for planen
- 2) Kva er eit planprogram?
- 3) Tidsplan for arbeidet med planprogrammet
- 4) Oppsummering og diskusjon av innspel frå innspelsmøtet
- 5) Rammer for det vidare arbeidet med planprogrammet

1) Bakgrunn for planen

Kort orientering om bakgrunn i Regional planstrategi og tilgrensande planar og prosessar v/Agnete Wiborg (sjå vedlagt presentasjon «Styringsgruppemøte»)

2) Kva er eit planprogram?

Kort orientering ved plansjef Marit Rødseth (Sjå vedlagt presentasjon)

3) Tidsplan for arbeidet ble presentert (Sjå vedlagt presentasjon «Styringsgruppemøte»)

Neste møte blei avtalt til **15.april kl. 12-15.**

Tidsplanen blei godkjent, men det blei påpekt at tidsramma er relativt stram. Dersom arbeidet krev det, blei det opna for at datoen for slutføring kan bli utsett.

4) Oppsummering og diskusjon av innspel frå innspelsmøtet

Oppsummering frå innspelsmøtet blei presentert (Sjå vedlagt presentasjon).

Gruppa gav sin tilslutning til at dei tre hovudtemaa som vart presentert og dei innspela som kom på innspelskonferansen fangar opp sentrale utfordringar.

Punkt som kom fram i diskusjonen som supplerande og framheving av bestemte tema:

- Det er viktig å få oversikt over status for arbeidslivet i Hordaland; korleis ser det ut, og korleis er det framover.
- Konjunkturar er noko vi må ta høgde for blant anna gjennom å gjere det mogeleg å gjere nye val.
- Rådgiving og yrkesretteiing blei tatt opp som eit viktig tema det har vore fokus på i mange år. Viktig at dei unge er bevisste om det valet dei gjer.
- UiB meiner at rådgiving ikkje berre er skulens ansvar. Derfor vil UiB vere meir aktiv med å gi informasjon og rådgiving også i grunnskule og vidaregåande skule.
- Fokus på gjennomføring i staden for fråfall. Karakterar frå grunnskolen har stor verknad på gjennomføring av vidaregåande opplæring. Kvalitet i opplæringa blir dermed viktig.
- I staden for å snakke om fråfall som berre noko negativt, er det viktigare å sjå på delar fråfallsproblematikken som omval. Og omval kan sjåast på som mobilitet og fleksibilitet. Mogelegheita til å gjere eit nytt val bør gjerast betre og bli knytt til betre rettleiing/informasjon.
- Det er viktig å få dei ulike delane av utdanningssystemet; fagutdanning og høgare utdanning, til å henge betre saman. Må gjere vegen frå fagutdanning via fagskoler og til andre deler av høgare utdanning meir synleg.
- Tverrfaglegheit er viktig; tverrfaglege team og utvikling av tverrfagleg kompetanse

- Desentraliserte utdanningstilbod viktige for rekruttering og utvikling av kompetanse til arbeidslivet i heile fylket. Opplæringstilbod bør støtte opp under behovet for arbeidskraft i det lokale arbeidslivet.
- Viktig å sjå ha eit heilskapleg perspektiv på utdanning, sjå utdanningar i samanheng med kvarande. Det må vere ei raud tråd både for individet og i forhold til utdanningssystemet.
- Må blir betre på samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv. Praksis og kontakt med arbeidslivet må sterkare inn i utdanning, ikkje berre i fagutdanningar, men også i høgare utdanning.
- Fokus på det strukturelle: Kva mogelegheiter finnes i utdanningssystemet for legge til rette for betre og meir fleksible ordningar for utdanningar? Kva handlingsrom har utdanningsinstitusjonane for dimensjonering av ulike (grunn)utdanningar? Kva må endrast av rammevilkår for å få til ønska utdanningstilbod?
- Behov for koordineringsorgan for samarbeid

5) Rammer for det vidare arbeidet med planprogrammet

- Fokus i planprogrammet er forholdet mellom arbeidsliv og utdanning. Tema som arbeidsinnvandring og inkluderande arbeidsliv, som var nemnt i Planstrategien, vil falle utanfor fokus for planprogrammet. Fråfallsproblematikk som tema blir knytt til fokus på gjennomføring og kva utdanningssystemet kan bidra med i denne samanheng.

Innspela frå diskusjonen ligg til grunn for den følgjande presentasjon av tema med underpunkter:

Bakgrunnsdokument- behov for utgreiingar

- Status for arbeids- og næringsliv i Hordaland; korleis er situasjonen og korleis det utviklar seg. Kva vil vere behovet for arbeidskraft som konsekvens av dette? Dette vil danne grunnlag for tema om dimensjonering.
- Oversikt over tilgrensande prosessar og arbeid i vidaregåande opplæring og høgare utdanning

Sentrale tema og utfordringar for planen

- ***Dimensjonering av utdanningstilbod***
 - Korleis kan ein få ein god oversikt over arbeidslivets behov for arbeidskraft og etterspurnad etter lærlingar?
 - Dimensjonering og plassering av utdanningstilbod i ulike delar av fylket
 - Dimensjonering i spenningsfeltet mellom de unge sine utdanningsønskjer, etterspurnad i arbeidslivet, utdanningstilbod. Dette gjeld særleg fagutdanning.
 - Kva er handlingsrommet for utdanningsinstitusjonane når det gjeld dimensjonering av utdanningstilbod, og korleis kan dette utnyttast best mogeleg?
- ***Nye krav til kompetanse***
 - Korleis kan ein utvikle utdanningstilbod som er tilpassa framtidens kompetansebehov?
 - Korleis få til eit betre samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningsinstitusjonar
 - Korleis kan ein utnytte utdanningssystemet for å gjere det meir fleksibelt for etter- og vidareutdanning og desentraliserte tilbod?
 - Kva er barrierar for å utvikle nye og meir fleksible utdanningstilbod og kva må endrast for at utdanningssystemet kan lever robust forsyning av kompetanse?
 - Korleis kan ein få til eit meir heilskapleg utdanningssystem; betre kopling mellom nivå og utdanningstypar?
 - Korleis kan ein utvikle og styrke utdanningsvegen frå fagutdanning til høgare utdanning

- **Utdanningsval og rettleiing**

- Korleis kan ein styrke rettleiing og betre kunnskapen om arbeidslivet for elevar/studentar på alle nivå, frå grunnskole og til høgare utdanning
- Noko av det som er registrert som fråfall dreier seg om feilval og omval. Korleis kan ein kan legge betre til rette for omval gjennom informasjon og fleksibilitet i utdanningssystemet slik at det kan bli eit betre val for den einskilde.

Arbeidsgruppa arbeider vidare med utforminga av planprogrammet på grunnlag av styringsgruppa sine forslag.